

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 15.01.2010
 Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
 Saka gjeld: **Langtidsbudsjett 2010 - 2014 med investeringsbudsjett 2010**

Arkivsak

2009/414/

Styresak 009/10 B

Styremøte 03.02. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret ber om at det blir sett i gang ein prosess med tanke på å legge fram eit gjennomarbeida langtidsbudsjett i helseføretaka og føretaksgruppa i møte den 22 juni 2010.
2. Føresetnad og føringar som blei vedtatt under sak 093/09 B skal i hovudsak leggest til grunn for denne saka.
3. Investeringsbudsjett for 2010 må styrast innafør følgjande ramme:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	RHF	SUM
Bygg	138 000	36 000	255 300	13 500				442 800
Medisinteknisk utstyr	72 000	31 800	90 000	5 000				198 800
Anna	64 000	12 800	70 000	3 500		9500		159 800
Helse Vest IKT as investering					229 900		0	229 900
Sum investeringar	274 000	80 600	415 300	22 000	229 900		0	1 031 300

Helseføretak som får dårlegare resultat i 2009 enn det som ligg til grunn i denne saka, må gjera tilsvarende justeringar i investeringsbudsjettet for 2010.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møte den 15.10.2010 sak 093/09 B langtidsbudsjett 2010-2014, føresetnad og føringar frå RHFet til helseføretaka. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Langtidsbudsjettet skal vera i faste priser. Alle tal skal bli uttrykt i 2010 kroneverdi*
2. *Budsjetterentekostnad skal følgje føresetnadene som ligg i punkt 2.2*
3. *Den generelle aktivitetsveksten for føretaksgruppa er basert på 1% pr. år. Helseføretaka skal leggje til grunn vekstføresetnaden for dei respektive HFa under punkt 3*
4. *Inntektsramma skal budsjetterast i tråd med føresetnaden i punkt 3*
5. *Helseføretaka skal i sitt langtidsbudsjett ta høgde for dei føringar som er omhandla i punkt 4, 5 og 6 og sørge for at desse forholda så langt det er praktisk mogleg blir reflektert i budsjettoppstillinga*
6. *Helseføretaka må budsjettere personalkostnader i tråd med dei føringane som er gitt i punkt 8*
7. *Resultatkravet for 2010 er sett til følgjande:*

Forslag til resultat-disponering 2010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Sum Helse Vest
Resultatkrav 2010	26 323	28 533	148 110	-40 000	7 833	105	40 000	210 903
Økonomisk balansekrav	0	0	0	-40 000	7 833	105	40 000	7 938
Styrking av likviditet / investeringsgrunnlag	26 323	28 533	148 110	0	0	0	0	202 965

8. *Investeringane må tilpassast det finansielle grunnlaget og innafør tilgjengeleg likviditetsramme, jf. punkt 10*

Under sak 108/09 B Inntektsfordeling 2010 og resultatkrav 2010 ble det under vedtakets punkt 3 fatta følgjande justert resultatkrav for 2010:

3. *Resultatkrav for 2010 blir som følgjer:*

Forslag til resultat-disponering 2010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2010	26 323	10 000	110 000	-40 000	7 833	105	43 677	157 938
Økonomisk balansekrav	0	0	0	-40 000	7 833	105	40 000	7 938
Styrking av likviditet/investeringsgrunnlag	26 323	10 000	110 000	0	0	0	3 677	150 000

Helseføretaka har no vært igjennom ein fase kor det har vært høg fokus budsjett 2010. Alle helseføretaka har med basis i inntektsfordelingssaka for 2010 (sak 108/09 B) behandla budsjett 2010 i dei respektive styre. I den same perioden har helseføretaka hatt krav på seg om å utarbeide langtidsbudsjett 2010 til 2014. Helse Fonna og Helse Bergen har ikkje behandla langtidsbudsjettet i sine styrar. Det same gjeld Helse Vest IKT og Apoteka Vest. Helse Stavanger og Helse Førde har innarbeida langtidsbudsjett og 5-årig investeringsplan i den ordinære budsjettsaka.

Dette var første gang helseføretaka skulle utarbeide langtidsbudsjett. Ein ser av mottatt materiale at det er varierende kvalitet på dette arbeidet, og at det er behov for å vidareutvikle prosessane rundt langtidsbudsjettering. Det er heller ikkje optimalt at dette arbeidet skjer parallelt med det ordinære budsjettarbeidet. Dette var eit forhold ein var klar over, men valte likevel å kjøre desse prosessane parallelt for blant anna å få opp eit investeringsbudsjett som var forankra i dei driftsøkonomiske og finansielle rammene.

Administrasjonen i Helse Vest vil no sette i gang eit arbeid med å auke kvaliteten på prosessen rundt utarbeiding av langtidsbudsjett. Dette gjeld så vel betre fokus på føresetnader og føringar frå RHFet, budsjettmodellar, kompetanse og ei tettare samhandling med helseføretaka.

Langtidsbudsjettet vil ha ei årleg rullering. Det vil i junimøtet bli lagt fram ei ny sak om langtidsbudsjett som då har fokus på 2011 til 2016.

Sidan dette er første langtidsbudsjett som blir behandla av styret i Helse Vest vil denne saka i hovudsak ha fokus på driftsøkonomisk og finansielle bereevne samt 5-årig investeringsplan.

2. Resultatutvikling - resultatkrav

Resultatet for 2009 ligg no an til å bli eit overskot på om lag kr 100 mill. Det er for 2009 budsjettert med eit overskot på kr 53 mill, slik at resultatet ligg an til å bli om lag kr 50 mill betre enn budsjett. Både Helse Stavanger og Helse Fonna har i sine langtidsbudsjett lagt til grunn eit betre resultat enn det som vart rapportert pr. november. Det blir her vist til pkt. 3 nedanfor. Resultatkravet frå eigar er eit balanseresultat.

Investeringsbehovet må i utgangspunktet handterast innafor den likviditet helseføretaka klarer å skape. For å kunne handtere investeringsbehovet som ligg i føretaksgruppa er det derfor viktig at ein klarer å oppnå positive resultat i åra som kjem.

Sjølv om resultatet for 2009 ligg an til å bli positivt, gjenstår det framleis store omstillingsutfordringar inn mot 2010. Både Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde leverer eit resultat som er dårlegare enn budsjett for 2009. Det er såleis reserven i RHFet samt resultat i Helse Bergen som er med å bidrar til at føretaksgruppa leverer eit positivt resultat.

Under sak 093/09 B (Langtidsbudsjett 2010-2014, føresetnad og føringar frå RHFet til helseføretaka) vart det skissert eit nødvendig resultatnivå på mellom 300-400 mill i løpet av 5 års perioden for å klare å handtere dei store investeringsutfordringane. I tabellen under er det skissert ei nødvendig resultatutvikling fordelt ned på føretaksnivå:

Resultatutvikling	2010	2011	2012	2013	2014
Helse Stavanger	26 323	40 000	60 000	80 000	100 000
Helse Fonna	10 000	20 000	30 000	30 000	30 000
Helse Bergen	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000
Helse Vest IKT as	105	100	100	100	100
Apoteka Vest HF	7 833	8 000	8 000	8 000	8 000
Helse Vest RHF	43 677	20 000	-	-	-
Til sammen	157 938	228 100	278 100	328 100	378 100

Helseføretaka har innretta sine langtidsbudsjett i forhold til den skisserte resultatutviklinga. Det må no jobbast vidare med å konkretisere nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta i tråd med resultatkravet. I 2010 er Magnussen-modellen fullt ut implementert. Ein kan derfor ikkje forvente at det kjem ytterlegare styrking av inntektsramma frå 2011 og framover. I samhandlingsreforma er det signalisert at det vil bli lågare vekst innafor spesialisthelsetenesta. Dette inneber at resultatutviklinga i åra som kjem må skje gjennom meir effektiv drift.

Det blir derfor eit viktig arbeid som no må gjennomførast fram mot junimøtet der kartlegging og konkretisering av nødvendige tiltak må innarbeidast i langtidsbudsjettet.

3. Økonomisk og finansiell bereevne

Helseføretaka må som ein hovudregel finansiere sine investeringar innafor den likviditet som ein klarer å skape gjennom drifta. Det blir her vist til sak 121/08 B Investeringar – tilpassing av investeringsplanar i høve til finansielt og driftsmessig grunnlag.

Helseføretaka har med utgangspunkt i dei føringar som er gitt i sak 093/09 B gjort berekningar på den økonomiske og finansielle bereevna. Dette er oppsummert i tabellen under:

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	157 938	228 100	278 100	328 100	378 100
+ Avskrivning	927 249	916 773	903 842	901 370	898 078
+ Nedskrivning anleggsmidler	0	0	0	0	0
= Kontantstrøm fra driften	1 085 187	1 144 873	1 181 942	1 229 470	1 276 178
- Resultatavvik 2009	55 956	0	0	0	0
+ Opptak av nye lån	0	408 000	280 400	162 000	162 000
- Avdrag lån	-101 434	-105 185	-105 113	-105 045	-104 983
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	20 000	20 000
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- annet	100 000	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	1 139 709	1 447 688	1 357 229	1 306 424	1 353 195

Helse Vest har stilt positive resultatkrav til helseføretaka for å kunne løfte dei store investeringsprosjekta i framtida. Dette inneber at resultatkravet vil auke frå kr 157 mill i 2010 til over kr 300 mill i 2014. Det er desse resultatkrava som helseføretaka har lagt til grunn i sitt langtidsbudsjett.

Både Helse Stavanger og Helse Bergen har store investeringsbehov i åra som kjem. Dette vil dei ikkje klarer å løfte innafor den ordinære driftsmessige og finansielle ramma. Det blir her vist til sak 121/08 B og årleg melding 2007 – innspel til statsbudsjett 2010, kor nytt barne- og ungdomssenter (BUSP) ved Helse Bergen og MOBA innreiing 3. etasje ved Helse Stavanger er omtalt som prosjekt der det er behov for lånefinansiering.

Helse Bergen har vedtatt forprosjektet for nytt barne- og ungdomssenter (BUSP) med ein total kostnadsramma på kr 1,305 mrd med basis i desember 2007 priser. I denne saka er prosjektet justert opp til prisnivå pr. desember 2009, dvs. kr 1,415 mrd. Lånebehovet er fastsett til kr 707 mill fordelt på åra 2011 til 2015. Det er gjennomført styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet. Det blir her vist til eiga sak som blir behandla i møte den 3/2-2010, sak 010/10 B.

Ved Helse Stavanger er det 3 prioriterte prosjekt som ein ikkje klarer å løfte innanfor 5 års perioden utan å ta opp lån. Dette er nytt bygg vedrørende barne- og ungdomspsykiatri (BUPA) med kr 150 mill, Stavanger DPS med kr 150 mill og innreiing av 3. etasje MOBA med kr 140 mill.

Samla lånebehov for Helse Stavanger og Helse Bergen kan oppsummerast i følgjande tabell:

Spesifikasjon av lånebehov	2010	2011	2012	2013	2014	2015
BUPA - (Helse Stavanger)		150 000				
Stavanger DPS		150 000				
MOBA - Helse Stavanger			140 000			
BUSP - Helse Bergen		108 000	140 400	162 000	162 000	134 600
Avvik mellom finansiering og investeringsplana	-	408 000	280 400	162 000	162 000	134 600

Det samla investeringsgrunnlaget for Helse Vest føreset derfor at det blir gitt lån til dei aktuelle prosjekta i Helse Bergen og Helse Stavanger. Dersom det ikkje blir gitt lån i den størrelsesorden som her er skissert, må det gjerast tilsvarende tilpassingar i investeringsbudsjettet. Prosjekta Stavanger DPS og BUPA (fullfinansiering av BUPA) er førebels ikkje meldt inn til HOD som prosjekt med lånebehov. Det må med utgangspunkt i denne saka sendast inn søknad til HOD om lån til dei aktuelle prosjekta.

Under linja "Anna" i tabellen som viser finansieringsgrunnlaget ovanfor ligg det kr 100 mill. Dette gjeld utbetaling av lån til BUPA som er gjort tidlegare år, men kor prosjektet enno ikkje har starta. Dette skuldast at Helse Stavanger på grunn av den økonomiske utviklinga ikkje har hatt grunnlag for å sette i gang prosjektet utan at det blir gitt eit ytterligare lån på kr 150 mill, jfr. oversikt over lånebehov ovanfor.

Finansielt grunnlag for investeringar kan oppsummerast som følgjer pr. helseføretak:

Finansielt grunnlag investeringar	2010	2011	2012	2013	2014
Helse Stavanger	274 546	483 297	339 368	211 436	225 500
Helse Fonna	79 192	97 533	100 296	100 386	100 736
Helse Bergen	414 413	628 888	681 288	742 888	762 888
Helse Førde	22 131	52 817	53 124	63 561	74 919
Helse Vest IKT as	233 558	174 153	172 153	177 153	178 153
Apoteka Vest HF	10 833	11 000	11 000	11 000	11 000
Helse Vest RHF	105 037	-	-	-	-
Til sammen	1 139 709	1 447 688	1 357 229	1 306 424	1 353 195

Dersom ein legg til grunn at føretaksgruppa klarer å innfri resultatkravet i åra som kjem samt at det blir gitt lån til dei omtalte investeringsprosjekta, vil investeringsevna variere mellom kr 1,1 og vel 1,3 mrd fram mot 2014.

Det blir gitt ei nærmare omtale av dei enkelte føretaka i dei etterfølgjande punkta.

3.1. Helse Stavanger

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	26 323	40 000	60 000	80 000	100 000
+ Avskrivning	202 000	197 000	188 000	185 000	180 000
+ Nedskrivning anleggsmidler					
= Kontantstrøm fra driften	228 323	237 000	248 000	265 000	280 000
- Resultatavik 2009	-50 000				
+ Opptak av nye lån	0	300 000	140 000	0	0
- Avdrag lån	-30 778	-30 703	-30 632	-30 564	-30 500
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-23 000	-23 000	-18 000	-23 000	-24 000
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- Tidligere utbetalt BUPA lån samt omfordeling av likviditet fra RHF	150 000	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	274 546	483 297	339 368	211 436	225 500

Helse Stavanger har dei seinare åra hatt ein krevjande økonomisk situasjon med betydelege resultatavvik. Dette har gitt føretaket problem med å gjennomføre investeringar i tråd med dei behov som tidlegare er skissert. Dette gjeld i særleg grad psykiatriprosjekta som ein har måtta flytte ut i tid. Det siste halvåret av 2009 kan no tyde på at Helse Stavanger har fått betre styring på økonomien. I sitt langtidsbudsjett har dei lagt til grunn eit negativt resultatavvik i 2009 på kr 50 mill. Dette er betre enn det Helse Vest har rapportert pr. november kor det er skissert eit resultatavvik på kr 80 mill. Dersom resultatavviket for 2009 blir dårlegare enn kr 50 mill må føretaket gjere tilsvarende justeringar i investeringsbudsjettet. For 2010 er det lagt opp til eit overskot på kr 26 mill som i løpet av dei kommande åra vil stige opp mot kr 100 mill. Dette inneber at Helse Stavanger framleis må halde trykk på omstillingsprosessane for å tilpasse drifta i tråd med resultatkravet. Dersom Helse Stavanger skal klare å utvikle verksemda og gjennomføre nødvendige investeringsprosjekt i dei kommande åra, må føretaket tilpasse drifta i tråd med det skisserte resultatkravet.

Helse Stavanger har i sitt langtidsbudsjett lagt til grunn ein lånefinansiering av følgjande prosjekt

- BUPA (Barne- og ungdomspsykiatri) med kr 150 mill i 2011
- Stavanger DPS med kr 150 mill i 2011
- Innreiing 3. etasje MOBA med kr 140 mill i 2012

Det er allereie gitt kr 100 mill i lån til BUPA. Helse Stavanger har på grunn av den økonomiske situasjonen dei seinare åra ikkje klart å starte opp prosjektet og finansiere den resterande delen innafor driftsramma. Prosjektet har ein forventa kostnad på kr 255 mill. Dei har derfor signalisert behov for ytterlegare lån på kr 150 mill til finansiering av prosjektet.

I tillegg er bygging av Stavanger DPS eit høgt prioritert prosjekt. Det har ein samla kostnadsramme på kr 190 mill kor det blir søkt om kr 150 mill i lån til gjennomføring av prosjektet.

Helse Stavanger har og behov for å ta opp lån til å gjennomføre innreing av 3. etasje MOBA med om lag kr 140 mill.

Helse Stavanger har i sitt langtidsbudsjett lagt fram eit ønske om å få tilført likviditet frå RHFet som tilsvarar forventa resultatavvik i 2009. Dette er stipulert til kr 50 mill. I tabellen ovanfor på siste linje ligg det eit beløp på kr 150 mill i 2010. Dette består av kr 50 mill i ønska likviditetstilførsel frå RHFet (internt lån) og kr 100 mill i tidlegare utbetalt lån til BUPA.

Den samla investeringsplanen til Helse Stavanger er som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Stavanger DPS	20 000	80 000	81 000	0	0
BUPA	54 000	125 000	60 000	0	0
MOBA - innreing 3. etasje	0	25 000	60 000	43 000	12 000
Andre bygningsmessige investeringar	64 000	8 000	24 000	12 000	23 000
Bygg - tilgjengelig ramme	138 000	238 000	225 000	55 000	35 000
Medisinteknisk utstyr	72 000	135 000	76 000	98 000	92 000
Anna	64 000	111 000	21 000	53 000	58 000
Sum investeringar	274 000	484 000	322 000	206 000	185 000
Avvik mellom finansielt grunnlag og investeringsplan	546	-703	17 368	5 436	40 500

Dersom Helse Stavanger klarer å innfri resultatkravet samt får lån til dei nemnde prosjekta vil føretaket ha finansielt grunnlag for å gjennomføre investeringsplanen.

3.2. Helse Fonna

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	10 000	20 000	30 000	30 000	30 000
+ Avskrivning	124 296	122 533	115 296	115 386	115 736
+ Nedskrivning anleggsmidler					
= Kontantstrøm fra driften	134 296	142 533	145 296	145 386	145 736
- Resultatavik 2009	-10 404				
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-11 700	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	79 192	97 533	100 296	100 386	100 736

Helse Fonna har framleis ein utfordring med å tilpasse drifta i forhold til resultatkravet. For 2009 har dei eit resultatkrav i balanse og ligg no an til eit negativt avvik på om lag kr 10 mill. Dette reduserer investeringsgrunnlaget for 2010. Helse Fonna har eit positivt resultatkrav for 2010 på kr 10 mill, kr 20 mill i 2011 og for dei etterfølgjande åra er resultatkravet kr 30 mill.

Helse Fonna har ingen store byggeprosjekt inne i sine planar. Det er derfor ikkje vurdert som nødvendig å ta opp lån i dei kommande åra. Helse Fonna sitt finansielle grunnlag for gjennomføring av investeringar vil derfor vera knytt til dei midlane dei klarer å skape gjennom drifta med fråtrekk for avdrag på lån samt tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT for gjennomføring av IKT investeringar.

Det finansielle grunnlaget for 2010 vil vere på om lag kr 79 mill stigande til vel kr 100 mill i dei kommande åra.

Helse Fonna sin investeringsplan er som følger:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Bygg - tilgjengelig ramme	36 000	40 000	55 000	55 000	53 000
Medisinteknisk utstyr	31 800	35 000	35 000	40 000	50 000
Anna	12 800	13 000	13 000	13 000	13 000
Sum investeringar	80 600	88 000	103 000	108 000	116 000
Awik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(1 408)	9 533	(2 704)	(7 614)	(15 264)

Under føresetnad av at Helse Fonna klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil føretaket klare å gjennomføre store delar av investeringsplanen. Det må gjerast nokon tilpassingar i slutten av perioden.

3.3. Helse Bergen

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000
+ Avskrivning	425 000	420 000	420 000	420 000	420 000
+ Nedskrivning anleggsmidler					
= Kontantstrøm fra driften	535 000	580 000	600 000	620 000	640 000
- Resultatawik 2009	0				
+ Opptak av nye lån	0	108 000	140 400	162 000	162 000
- Avdrag lån	-50 588	-54 113	-54 113	-54 113	-54 113
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-70 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	20 000	20 000
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	414 413	628 888	681 288	742 888	762 888

Helse Bergen er det helseføretaket i 2009 som har klart å tilpasse drifta i tråd med resultatkravet. Føretaket rapporterer så langt eit resultat i tråd med budsjett på pluss kr 25 mill. Dette er viktig spesielt med tanke på at føretaket står overfor eit omfattande investeringsprogram i dei kommande åra.

For å kunne handtere eit omfattande investeringsprogram er det derfor lagt opp til eit overskot i 2010 på kr 110 mill. Dette skal aukast opp mot kr 220 mill i 2014. Dette er ambisiøst men samtidig nødvendig for å klare å utvikle verksemda vidare. Dette inneber at Helse Bergen forsett må ha fokus på omstilling og halde trykk på og vidareutvikle omstillingsprosessane frå 2009.

Sjølv om det i langtidsplanen er lagt opp til eit betydeleg overskot, er ikkje dette tilstrekkeleg til å handtere blant anna nytt Barne- og ungdomssenter i Helse Bergen (BUSP). Første fase av dette prosjektet har ei samla investeringsramme på kr 1,415 mrd (desember 2009 prisnivå). Helse Bergen har derfor lagt til grunn at prosjektet får ei lånefinansiering på kr 707 mill. Dette er nødvendig for å kunne handtere alle andre prioriterte prosjekt. For nærare omtala av BUSP-prosjektet blir det vist til sak 010/10 B.

Helse Bergen har i sitt finansieringsgrunnlag lagt til grunn at IKT investeringane i stor grad er ferdigstilt i løpet av 2010. Det er berre tatt høgde for eit årleg beløp på kr 5 mill i likviditetstilførsel til Helse Vest IKT frå og med 2011. Dette er eit forhold som må avstemmast nærare i samarbeid med Helse Vest IKT mellom anna i forhold til avskrivningane i Helse Vest IKT. Dersom det er behov for høgare likviditetstilførsel til IKT, vil Helse Bergen si ramme til investeringar bli tilsvarende lågare.

Den samla investeringsplanen til Helse Bergen er som følger:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Barne- og ungdomspsyk. trinn 1 *)	45 000	210 000	240 000	340 000	300 000
Kronstad DPS	43 000	120 000	180 000	68 000	0
Ombygging Sentralblokken	20 000	50 000	70 000	160 000	150 000
Andre byggeprosjekter	147 300	96 600	39 000	14 000	151 000
Bygg - tilgjengelig ramme	255 300	476 600	529 000	582 000	601 000
Medisinteknisk utstyr	90 000	90 000	90 000	95 000	95 000
Anna	70 000	66 000	68 000	70 000	71 000
Sum investeringar	415 300	632 600	687 000	747 000	767 000
Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(888)	(3 713)	(5 713)	(4 112)	(4 113)

*) Påløppte kostnader før 2010 utgjør kr 37 mill. I 2015 utgjør kostnaden kr 243 mill. Samla kostnad til BUSP utgjør kr 1,415 mrd.

Som ein ser er det behov for å gjere mindre tilpassingar i investeringsramma ut over i perioden. Denne investeringsplanen føreset at Helse Bergen klarer å innfri resultatkravet som er stillt i perioden. Samtidig er det og ein føresetnad at det blir gitt lån til BUSP på om lag kr 707 mill. Dersom desse føresetnadane ikkje blir innfridd må Helse Bergen gjere tilpassingar og omprioriteringar i sin investeringsplan.

3.4. Helse Førde

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000
+ Avskrivning	91 900	93 187	96 493	96 930	98 289
+ Nedskrivning anleggsmidler	0	0	0	0	0
= Kontantstrøm fra driften	51 900	73 187	96 493	106 930	118 289
- Resultatavvik 2009	-55 000				
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-8 369	-8 370	-8 369	-8 369	-8 370
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-26 400	-32 000	-35 000	-35 000	-35 000
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- annet (Overføring av likviditet fra RHF)	40 000	20 000	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	2 131	52 817	53 124	63 561	74 919

Helse Førde er det føretaket som har den relativt største økonomiske utfordringa. Til tross for at dei i 2009 har eit negativt resultatkrav på kr 40 mill, leverar dei eit negativt avvik på kr 55 mill. Dette reduserar investeringsgrunnlaget i 2010 tilsvarende. Sidan føretaket får lov å gå med kr 40 mill i underskot, er det lagt inn ein likviditetsmessig korreksjon under linja "anna" med kr 40 mill. Det ligg ein tilsvarende minus i RHF'et. Det er gjort ei tilsvarende justering på investeringsramma i 2010, men då med kr 20 mill som korreksjonspost. Sjølv om ein tar omsyn til den sistnemnde effekt, har Helse Førde tilnærma inga investeringsevne i 2010. Føretaket er derfor heilt avhengig av å omstille verksemda på ein slik måte at dei klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet.

Helse Førde har i brev datert 06.01.2010 søkt om å få ekstraløyving på kr 50 mill til å gjere nødvendige investeringar i 2010. Det er naturleg nok ein krevjande situasjon for føretaket å ikkje ha investeringsevne samtidig som det er behov for gjennomføring av fleire prioriterte investeringsprosjekt. Administrerande direktør vil likevel understreke at det er viktig og heilt naudsynt at helseføretaka klarer å styre verksemda i tråd med resultatkravet slik at dei og har evna til å investere. Som ei mellombels løysing for 2010 vil administrerande direktør føreslå at Helse Førde får omfordelt kr 20 mill i likviditet til å dekke dei mest prioriterte investeringane. Dette er grunna i at ein er utrygge på bærekrafta for eit høgare investeringsnivå i Helse Førde på noverande tidspunkt. Som følgje av budsjettbuffer i Helse Vest er det tilgjengeleg likviditet i RHFet som kan styrast inn mot prioriterte prosjekt.

Dersom ein legg til grunn at det blir omprioritert likviditet til Helse Førde med kr 20 mill vil Helse Førde få ei finansiell ramme som følgjar:

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000
+ Avskrivning	91 900	93 187	96 493	96 930	98 289
+ Nedskrivning anleggsmidler	0	0	0	0	0
= Kontantstrøm fra driften	51 900	73 187	96 493	106 930	118 289
- Resultatawik 2009	-55 000				
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-8 369	-8 370	-8 369	-8 369	-8 370
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-26 400	-32 000	-35 000	-35 000	-35 000
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/- annet (Overføring av likviditet fra RHF)	60 000	20 000	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	22 131	52 817	53 124	63 561	74 919

Under linja "anna" er det lagt inn kr 40 mill som følgje av godkjent underskot samt kr 20 mill i omprioritert likviditet frå Helse Vest. Sistnemnde vil bli handtert som eit internt lån.

Den samla investeringsplanen til Helse Førde er som følgjar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Bygg - tilgjengelig ramme	13 500	16 300	22 200	11 800	15 000
Medisinteknisk utstyr	5 000	28 200	19 300	26 200	21 000
Anna	3 500	4 000	4 000	4 000	4 000
Sum investeringar	22 000	48 500	45 500	42 000	40 000
Awik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	131	4 317	7 624	21 561	34 919

Helse Førde vil under denne føresetnaden kunne gjennomføre investeringsprosjekt for kr 22 mill. Helse Førde må sjølv prioritere om likviditeten skal styrast inn mot bygg eller MTU. Dette føreset at Helse Førde klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet på minus kr 40 mill. Dersom Helse Førde klarer å omstille verksemda vil dei klare å skape seg eit tilfredsstillande investeringsgrunnlag i åra som kjem.

3.5. Helse Vest IKT

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	105	100	100	100	100
+ Avskrivning	81 053	81 053	81 053	81 053	81 053
+ Nedskrivning anleggsmidler					
= Kontantstrøm fra driften	81 158	81 153	81 153	81 153	81 153
- Resultatawik 2009	0				
+ Opptak av nye lån					
- Avdrag lån					
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	152 400	93 000	91 000	96 000	97 000
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/- annet					
Finansieringsgrunnlag investeringar	233 558	174 153	172 153	177 153	178 153

Helse Vest IKT har gjennom avskrivingsmidlane eit finansielt grunnlag til å gjennomføre investeringar på om lag kr 81 mill pr. år. Dette er ikkje tilstrekkeleg i forhold til det behovet som ligg i helseføretaka. Det er derfor behov for å tilføre IKT likviditet til å gjennomføre dei store IKT prosjekta. Dette blir gjort gjennom at helseføretaka får trekk i si investeringsramme og såleis frigjer likviditet som kan lånast ut til Helse Vest IKT. Det er Helse Vest RHF som reint praktisk handterer lån mot Helse Vest IKT.

Det er behov for å jobbe vidare med investeringsplanen til Helse Vest IKT for å tilpasse denne i tråd med det finansielle grunnlaget.

3.6. Helse Vest RHF

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	43 677	20 000	0	0	0
+ Avskrivning					
+ Nedskrivning anleggsmidler					
= Kontantstrøm fra driften	43 677	20 000	0	0	0
- Resultatavvik 2009	171 360				
+ Opptak av nye lån					
- Avdrag lån					
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT					
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/- annet	-110 000	-20 000			
Finansieringsgrunnlag investeringar	105 037	0	0	0	0

Det blir ikkje gjennomført investeringar i RHFet. Den positive likviditeten som blir generert i RHFet som følgje av overskot kan så lenge konsernet leverer positive avvik, nyttast til strategiske satsingar og eventuelt ekstra tilførsel av likviditet til prioriterte prosjekt.

Under linja "anna" ligg det mellom anna kr 40 mill i 2010 og kr 20 mill i 2011 som gjeld likviditetstilførsel til Helse Førde som følgje av at dei har negativt resultatkrav i dei respektive åra. I tillegg er det lagt inn kr 50 mill i likviditetstilførsel til Helse Stavanger og kr 20 mill i likviditetstilførsel til Helse Førde.

Sida RHFet går med overskot i 2009 som følgje av budsjettert buffer, vil ein kunne nytta denne likviditeten til strategiske satsingar eller gjennomføring av prioriterte prosjekt som HFa elles ikkje har likviditet til. Sjølv om det ligg an til eit positivt resultatavvik i RHFet på om lag kr 171 mill i 2009, kan ein likevel ikkje omprioritera eit større likviditetsbeløp enn det som faktisk er overskotet i føretaksgruppa. Det er budsjettert med eit overskot på kr 53 mill for 2009.

Det er og viktig å poengtere at attverande likviditet i RHF-et er med å styrke likviditeten totalt og vil styrke investeringsevna når ein i neste omgang skal legge fram langtidsbudsjett for 2011 til 2015.

3.7. Apoteka

Apoteka Vest har budsjettert med eit overskot i 2010 på kr 7,3 mill. I dette ligg det avskrivningar på om lag kr 3,2 mill. I tillegg har dei eit lån som blir nedbetalt med kr 0,4 mill i året. Dette gir ei samla investeringsramme på kr 10,1 mill.

Apoteka har eit samla investeringsbudsjett for dei kommande 5 åra som utgjer følgjande:

2010	kr 9,5 mill
2011	kr 6,7 mill
2012	kr 5,1 mill
2013	kr 10,8 mill
2014	kr 5,7 mill

Apoteka vil såleis kunne styre sine investeringsprosjekt innafor den likviditetsramma som dei klarer å skape gjennom ordinær drift.

Delar av investeringane til Apoteka blir gjennomført i sjukehusbygg kor dei er leigetakar. Dette er ein problemstilling som må avstemmast og avklarast i forhold til det respektive sjukehus om kven som skal bere kostnaden.

3.8. Utvikling i lån

Helse Vest som føretaksgruppe har etter kvart ei relativt høg gjeldsbelastning. Ved utgangen av 2009 er netto driftskreditt på kr 1,045 mrd. Førebels likviditetsbudsjett for 2010 indikerer ein driftskreditt ved utgangen av 2010 på om lag kr 1,4 mrd. Driftskredittramma er på kr 1,675 mrd. Auken i driftskreditten skuldast hovudsakeleg betaling av KLP reguleringspremie. I tillegg ligg det inne likviditet ved utgangen av 2009 som er knytt til prosjekta "tiltak for arbeid" samt "raskare tilbake". Den høge driftskreditten gir høg rentebelastning og gjer føretaksgruppa meir sårbar for svingingar i rentemarknaden. Det må i samband med framrullinga av langtidsbudsjett i junimøtet drøftast nærmare om ein skal ha som ambisjon å begynne å nedbetale på driftskreditten for å styrke økonomien på sikt.

Det er også tatt opp høge lån til investeringar. Ved utgangen av 2009 er den samla lånebelastninga knytt til investeringar følgjande:

Langsiktige lån	kr 1,360 mrd
Byggjelån	<u>kr 0,848 mrd</u>
Sum	<u>kr 2,208 mrd</u>

Dette inneber at føretaksgruppa samla sett er sårbar overfor større svingingar i rentenivået. I tillegg vil nye lån ved Helse Stavanger og Helse Bergen på over 1 mrd i løpet av dei kommande 4 åra gjere føretaksgruppa enda meir sårbar i forhold til framtidig rentenivå.

Helse Vest vil komme nærmare tilbake til denne problemstillinga ved framlegg av langtidsbudsjett i junimøtet.

4. Samla 5-årig investeringsplan og investeringsbudsjett 2010

Med basis i det finansielle grunnlaget som er omtalt under pkt. 3 ovanfor utgjer summen av helseføretaka sine investeringsplanar følgjande:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014
Stavanger DPS (Helse Stavanger)	20 000	80 000	81 000	0	0
BUPA (Helse Stavanger)	54 000	125 000	60 000	0	0
MOBA - innreing 3. etasje (Helse Stavanger)	0	25 000	60 000	43 000	12 000
Barne- og ungdomspsyk. trinn 1 (Helse Bergen)	45 000	210 000	240 000	340 000	300 000
Kronstad DPS (Helse Bergen)	43 000	120 000	180 000	68 000	0
Ombygging Sentralblokken (Helse Bergen)	20 000	50 000	70 000	160 000	150 000
Andre bygningsmessige investeringar	260 800	160 900	140 200	92 800	242 000
Bygg	442 800	770 900	831 200	703 800	704 000
Medisinteknisk utstyr	198 800	288 200	220 300	259 200	258 000
Anna	159 800	200 700	111 100	150 800	151 700
Helse Vest IKT as investering	229 900	174 153	172 153	177 153	178 153
Sum investeringar	1 031 300	1 433 953	1 334 753	1 290 953	1 291 853
Awik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	108 409	13 735	22 476	15 471	61 342

Investeringsplanen føreset at det blir gitt lån til nytt barne- og ungdomssenter i Helse Bergen med kr 707 mill og lån til psykiatriprosjekta og MOBA 3. etasje ved Helse Stavanger med til saman kr 440 mill. Dersom føresetnaden om lån samt oppnåing av resultatkravet ikkje blir innfridd, må helseføretaka gjere tilpassingar i investeringsplanen for å tilpasse seg det finansielle grunnlaget.

Som det kjem fram av tabellen ovanfor vil den samla investeringsplanen kunne gjennomførast dersom resultatkravet og lånetildelinga blir innfridd. Det positive finansieringsgrunnlaget dei første åra av planen skriv seg i hovudsak til positivt resultat i RHFet.

Det viktige er no at helseføretaka arbeider med å sikre resultatkravet og at det blir innarbeida tilstrekkeleg fleksibilitet i investeringsplanen slik at ein klarer å tilpasse seg eventuell endring i det finansielle grunnlaget.

Basert på innmeldte investeringsplanar kan helseføretaka legge til grunn følgjande investeringsbudsjett for 2010:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	RHF	SUM
Bygg	138 000	36 000	255 300	13 500				442 800
Medisinteknisk utstyr	72 000	31 800	90 000	5 000				198 800
Anna	64 000	12 800	70 000	3 500		9 500		159 800
Helse Vest IKT as investering					229 900		0	229 900
Sum investeringar	274 000	80 600	415 300	22 000	229 900		0	1 031 300
Finansieringsgrunnlag HF	224 546	79 192	414 413	2 131	233 558	10 833	175 037	1 139 709
Omfordelt likviditet	50 000			20 000			-70 000	0
	274 546	79 192	414 413	22 131	233 558	10 833	105 037	1 139 709
Justering likviditet RHF *)							-62 404	-62 404
Finansieringsgrunnlag	274 546	79 192	414 413	22 131	233 558	10 833	42 633	1 077 305

*) Sidan resultatavviket i RHFet er høgare enn resultatavviket i føretaksgruppa må det gjerast ei nedjustering av likviditetsreserven som RHFet kan omfordele. Talet framkjem på følgjande måte:

Resultatavvik i RHFet	kr 175,037 mill
- Prognose resultat i konsernet	kr 108,956 mill
Justering likviditet i RHFet	kr 62,404 mill

Det ligg framleis att vel kr 42 mill som RHFet kan omdisponere i likviditet til investeringar. Administrerande direktør vil tilrå at denne likviditeten blir liggande att i RHFet.

5. Vidare prosess og framdriftsplan for langtidsbudsjett og budsjett 2011

Som nemnd innleiingsvis i denne saka vil det vere behov for å jobbe vidare med å auke kvaliteten på langtidsbudsjettet fram mot juni-møtet. Det blir her lagt til grunn følgjande framdriftsplan:

Tidsfrist	Aktivitet	Kommentar
3/2-2010	Styrebehandling langtidsbudsjett med 5 årig investeringsplan	
Februar 2010	Møte med HFa – evaluering og vidareutvikling prosess og modell for langtidsbudsjett	Drøfting i økonomidirektørmøte februar (evt. AD møte, jfr. same møte som kvalitetssikring)
Mars - 2010	Føresetnad og føringar for framrulling av langtidsbudsjett 2011-2016	Gjennomgang av prosess samt modell med HFa. Møte i kvart HF
April - 2010	Behandling av langtidsbudsjett i respektive HF	Styremøte i HFa
Juni - 2010	Behandling av langtidsbudsjett 2011-2016 for konsernet	Styremøte i Helse Vest
Juni -2010	Førebels inntektsramme 2011	
August/september - 2010	Utarbeiding av budsjett i helseføretaka	Dialogmøte mellom RHF og HFa, føresetnader, aktivitet, utfordringsbilde, tiltaksplanar, bemanningsplanar osv.
Primo oktober - 2010	Statsbudsjett 2011	
Ultimo Oktober - 2010	Inntektsramme 2011 med resultatkrav blir sendt ut til HFa	Blir behandla av styret i Helse Vest i novembermøte 2010
Ultimo november - 2010	Budsjett i HFa behandla av styret	Styremøte i HFa
31/12-2010	Budsjett i HFa ferdig oppdatert i SIM	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring i uke 2 og 3

Veke 2 og 3 i 2011	Kvalitetssikring av budsjett 2012 i HFa	Gjennomføres av RHF i samarbeid med HFa
Veke 4 i 2011	Gjennomgang av resultat kvalitetssikring i AD møte	
Februar -2011	Styresak konsernbudsjett 2011 samt langtidsbudsjett 2010-2014	